

litt om serien

Galaterbrevet - nådens evangelium


Paulus skriv brev for å halde kontakten med mange av dei kristne kyrkjene han planta på sine misjonsreiser. Det var spørsmål å svare på og konflikter å løyse opp i. Paulus fulgte opp leiarar og enkeltmennesker og hjalp dei til å skjone og leve trua på evangeliet om frelse i Jesus. Men i eitt av det første breva han skreiv, brevet til Galatarane, har Paulus ein ekstra direkte og hard tone. Ikkje lenge etter han har vore hos dei, glippe det heilt sentrale: nemlig evangeliet. «Er de gått frå vettet» spør Paulus. All glede og tryggleik, all fridom og frimod, ja heile frelsa forvitrar om de ikkje har og byggjer på det eine, sanne evangeliet eg har forkynt dykk. Sjølv om det kan vere mange innsteg til det å tru, har trua eit innhald som inga ny openbering, inga ny erfaring, ingen ny tanke eller kjensle kan gjere om på. For det som står på spel her, er om vi eigentleg frelsar oss sjølve, eller om det er Jesus som frelser oss. Og DET skal vi grave i i denne serien.

litt om tema:

Kvifor desse pennestrøk?

Brev vert skriva når avsenderen har noko han eller ho vil formidle. Og det normale er å lese heile brevet når vi får det, ikkje berre ei setning her og der. Eit kjærleiksbrev gjev mottakar intimitet. Eit brev frå NAV kan skape avklaring eller forvirring. Korleis ville det vere å få eit brev frå Paulus, heidningane sin apostel? Det vog nok tungt! Paulus er heller ikkje vidare blid i starten av dette brevet. Kvifor skriv han? Jo, han kjempar for at det sentrale i trua på Jesus må forbli det sentrale i trua til galatarane, og at dei ikkje må høyre på dei som forvrenger evangeliet og lokkar dei til å tru at det er egne gode forsøk som gjeld. Tru er gåve, ikkje oppgåve. Det er nåde, ikkje innsats som kvalifiserer deg til å bli Guds barn. Går trua vill her, ja så er det inga tru.

Kvifor desse pennestrøk?



Bibel

Gal 1, 1-9 Spørsmål til teksten

1. Kva er Paulus oppteken av å formidle i v1-4
2. Paulus freistar å lukke nokre dører i v 5-9. Til kva, trur du?
3. Paulus forbanner dei som kjem med eit anna evangelium. Kvifor slik sterk ordbruk?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Tida vår pregast av jakta på perfeksjon; på å skape seg sjølv og bli god nok/flink nok/pen nok. Her er flust av sjølvhjelpsevangelium ute og går. Kven kan du formidle nådens evangelium til?



Felleskap

Den ærlege samtalen:

1. Korleis vil du skildre ditt forhold til evangeliet?
2. Kva forvrengingar av evangeliet er vanlege i vår tid?
3. Kvifor er nådens evangelium viktig å ta vare på?



Raushet

Takksam deling

Evangeliet gjev ein fridom til å ikkje måtte vere oppslukt av seg og sitt heile tida. Korleis kan de bruke den fridommen som nåden gjev til å vere oppteken av andre til noko godt for nabo, gruppemedlemmar eller familiemedlemmar



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han gjer og gjev alt som skal til for at vi kan verte Guds born gjennom Jesu liv og død og oppstod for deg! Be om eit friskt og nytt blick på evangeliet!
2. Be om klarsyn på og tilgjeving for andre evangelium vi lett klamrer oss til.
3. Be gjerne for kvarandre og for ting de opplever låser livet og hindrar glede.

Som kristne veks vi ved å lære å høyre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast?
Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Høyrdde eg?
Kva Gjer eg med det?

